

Olje- og energidepartementet

Postboks 8148 Dep.

0033 Oslo

postmottak@oed.dep.no

<i>Dykkar ref.</i>	<i>Dykkar brev</i>	<i>Vår ref.</i>	<i>Dato</i>
15/720	15.04.2015	F/301.2.1/JT	30.04.2015.

Framlegg til endringar i energilova. Selskapsmessig og funksjonelt skilje.
Uttale frå Stryn Energi AS.

Stryn Energi AS viser til høyringsnotat; «Forslag til endringar i energilova» av 15.04.2015. I notatet fra OED er det gjort framlegg om å kreve «selskapsmessig og funksjonelt skilje» for alle nettselskap. Dette inneberer krav om oppdeling med eigen leing og eige styre for nettselskapet, skilt frå anna konkurranseutsett verksemd.

Grunngjevinga for framlegget er:

- Reduserte nettkostnader og redusert nettleige gjennom stordriftsfordelar etter fusjonar.
- Utjamning av nettkostnader knytt til realisering av ny fornybar energiproduksjon.
- Å sikre at det ikkje føregår kryss-subsidiering av konkurranseutsett verksemd.
- At aukande kompetanse- og kapitalbehov i bransjen krev større selskap for å oppretthalde god leveringstryggleik og leveringskvalitet til lågast mulig kostnad.
- Å redusere behovet for monopolkontroll og tilsynsverksemd frå myndigheiter.

Stryn Energi AS har fylgjande merknader til forslaga i rapporten:

Generelt.

Framlegg til selskapsmessig og funksjonelt skilje vil auke konsernet sine kostnader og føre til mindre effektiv drift i høve til dagens organisering. Dette kjem av at nettselskapet sel tenester, (administrasjon, økonomi, vaktberedskap, drift, vedlikehald) til dotterselskap og øvrig verksemd innan kraftproduksjon, fjernvarme, kommunikasjonsinfrastruktur, gatelys, næringshage, varmpumpe, kraftomsetning. Eit rekneskaplig skilje mellom ulike verksemdar gjer at timar, materiell og annan ressursbruk vert nøye fordelt mellom avdelingane og vidarefakturert til dotterselskap utan eigne tilsette. Dette reduserer nettselskapet sine kostnader, samstundes som nettselskapet kan oppretthalde ei grunnbemanning til vaktordning.

Skal dette skiljast, slik som høyringsnotatet gjer framlegg om, må det tilsettast fleire personar i leing, administrasjon og drift, i tillegg til dobling av datasystem. Auka kostnader vil gjere både nettdrifta og konkurranseutsett verksemd mindre effektiv og føre til svekka konkurransekraft. Små selskap som også driv med kraftomsetning kan konkurrere med større aktørar, nettopp på grunn av eit samarbeid om kapasitet, kompetanse og datasystem internt i selskapet. Konsekvensane vil kunne bli ei avskaling av mindre nettselskap og

kraftomsetningsselskap, som vert overtekne av store sentraliserte selskap. Færre lokale tilbydarar av kraft og kommunikasjonsinfrastruktur, vil svekke konkurransen og kundar i distrikta får eit dårlegare tilbod. Dette er særst uheldig for næringsutvikling og busetnad i distrikta. Det er også stort sannsyn for svekka beredskap med færre tilsette ute i distrikta.

Notatet manglar ei brei og grundig konsekvensutgreiing av forslaga. Generelt må konsekvensane av framlegg til endringar, utgreiast før endeleg vedtak. Konsekvensane for både kundar og lokalsamfunn, som vert råka av sentralisering av både kompetansearbeidsplassar og avgjerdsmynde / eigarskap, må synleggjerast med konkrete eksempel frå utvalde områder. Særleg gjeld dette forslaget om funksjonelt skilje mellom nett /monopolverksemd og konkurranseutsett verksemd.

Høyringsnotatet peikar på at det er til dels store skilnader i nivået på nettleiga mellom nettselskapa. Denne ulikskapen er i hovudsak mellom folketette områder med relativt mange kundar i høve til nettinfrastruktur (bynære områder) og områder med spreidd busetnad med lite forbruk i høve til km nett og tal nettstasjonar (grisgrendte område). Demografi og naturgjevne føresetnader er viktigare for nivået på nettleiga enn tal selskap. I gjennomsnitt er nivået på nettleiga i Sogn og Fjordane om lag like høg for alle selskap, og høgare enn i Bergen og Oslo, på grunn av det er langt mellom kundane i Sogn og Fjordane. Ein fusjon internt i fylket vil få lite å seie for nivået på nettleiga. Skal stordriftsfordelar gje kundane i Stryn lågare nettleige, må ein fusjon omfatte BKK eller Mørenett.


Auka nettkostnader som kjem som fylgje av auka nasjonal satsing på fornybar energi, vert med dagens modell fordelt på kundane i område med størst potensial for fornybarsatsing. Kundane i distrikta må ta rekninga for nytt produksjonsrelatert nett, sjølv om behovet for meir ny fornybar energi er i andre områder, noko som er urettvist.

Eit godt alternativ til omfattande fusjonar med mål om få store selskap, vil vere eit nettfond, som alle nettselskap betalar inn til. Ei slik ordning vil, på ein enkel måte, løyse utfordringa med urettvis kostnadsfordeling av nettkostnader, som har si årsak i realisering av meir ny fornybar produksjon i overskotsområder.

Selskapa i Sogn og Fjordane og Nordland har lenge arbeidd med å få til ei slik utjæmningsordning. Målet om å få realisert meir av dei fornybare ressursane til beste for miljø/klima og verdiskaping er nasjonal og då er det også rimeleg med ei nasjonal fordeling av nettkostnadane for å nå målet. Fusjon mellom selskap i område med stort fornybar potensial vil ikkje rette opp denne urettvise skeivfordelinga. Heller ikkje store regionale nettselskap vil løyse ei slik nasjonal utfordring, då kostnadane vert fordelt på selskapet sine kundar.

Vedkomande leveringskvalitet er det heller ingen større ulikskapar mellom små og større selskap i områder med same geografiske utfordringar. Leveringskvalitet heng meir saman med terrengforhold, ras, tilvekst på skogen og andre naturgjevne tilhøve. Større selskap vil ikkje kunne bøte på slike naturgjevne føresetnader.

Med helsing
Stryn Energi AS



Jan Træen
-dagleg leiar-